

Retningslinjer for tildeling av midlar til aktivitetsfremjande tiltak

Alle frivillige lag og foreiningar i Sveio kan søkja støtte gjennom ordninga. Dette gjeld òg velforeiningar og bygdelag. Laget må vera registrert i Brønnøysundregisteret og i «Friskus».

1. Hovudføremålet med ordninga er å stimulera til aktivitet og arrangement i Sveio kommune. Tiltak som skapar aktivitet over tid blir prioriterte framfor enkeltstående arrangement. Tiltaka må vera opne og tilgjengelege for alle som ønskjer å delta.
2. Tiltak der målgruppa er barn og unge under 19 år blir prioriterte, men det kan òg gjevast tilskot til andre tiltak. Andre omsyn som blir vektlagde:
 - At tiltaka fremjer integrering og inkludering av svake grupper
 - At tiltaka fremjer folkehelse
 - At tiltaka er i samsvar med berekraftsmåla*
 - Tiltak som fremjer lokal kulturarv
3. Stønadsordninga skal gjerast kjent gjennom utlysing i Vestavind, på heimesida til kommunen og i sosiale media. Midlane skal lysast ut to gonger i året med **søknadsfrist 01.04. og 01.10.** Søknadar kan sendast fortløpande og blir behandla samla to gonger i året.
4. Det blir ikkje gitt tilskot til ordinær drift, men til oppstart eller gjennomføring av konkrete prosjekt, aktivitetar eller arrangement.
5. Kwart lag kan søkja om midlar til eitt tiltak i året. Det er ikkje høve til å søkje fleire gonger på same tiltak, men det er mogleg å søkje til vidareutvikling av tiltak ein tidlegare har fått støtte til. Planar om vidareutvikling bør vera omtalt i første søknad.
6. Tiltaket må vera gjennomført og dokumentert med innsendt rekneskap innan eitt år frå tildeling.
7. Budsjett/rekneskap skal liggja til grunn for søknaden. Stønadent vert avgrensa til maksimalt 50% av total kostnad. Innvilga stønad vert utbetalt når tiltaket er gjennomført og dokumentasjon av kostnad er levert til kulturavdelinga
8. Maksimal tilskottssum er kr 10 000.
9. Tilskot blir tildelt dei prosjekta som i størst grad er i samsvar med hovudføremålet og retningslinjene elles. Søknadar kan bli avslått grunna låg prioritering og manglande midlar.

Retningslinjene gjeld frå 01.01.2021

Vedtatt av Sveio kommunestyre sak nr 088/20, 21.09.2020